



Innkalling til årsmøte torsdag 13.mars 2014 på Kafe Jærbuen kl.19.00

Saksliste:

1. Åpning ved leder
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Valg av møteleder
4. Valg av referent
5. Valg av to til å skrive under årsmøtoreferat
6. Gjennomgang av årsmelding
7. Gjennomgang av regnskap
8. Forum Gris fôr framover, kva gjer me?
9. Innkomne saker
10. Valg
11. Godtgjæring til styret

Fagleg innslag ved Fatland

Varmmat - kaffi

Vel møtt til alle medlemar!

Styret i Forum Gris Rogaland



ÅRSMELDING 2013

Årsmøte i fjor var 7. mars 2013 på Kafe Jærbuen. Det møtte 25 medlemmer.

Styret har vore:

Leiar:	Hanne Våland
Nestleiar:	Magnar Fjeldheim
Styremedlem:	Bjørn Ståle Bekkeheien (Ansvar for kraftfor)
Styremedlem:	Atle Ravndal
1. Varamann:	Elling Stangeland (Møter fast på styremøtene)
2. Varamann:	Inger Lise Varhaug

Verv utenom styret:

Sekretær og kasserer:	Leiv Kristian Skrettingland
Regnskapsfører:	Jærøk v/Gislaug Søyland Sele
Revisor:	Magnar Møller
Valgnemnd:	Tor Olav Erga (leiar)
	Bernt Ove Byberg
	Asle Jacobsen

Kontaktpersoner mot Reime Agri er Atle Ravndal, Lars Oftedal og Olav Tjelta.

- Det er 98 medlemmer i Forum Gris Rogaland, 4 meir enn i fjor.
- Me har hatt 5 styremøte, 1 møte med dansk fôrmann Gert Kristensen og 1 møte med kvar av møllene.
- Styret har behandla 21 saker.
- Styret har sendt ut 2 medlems-skriv.
- Hanne har møtt på årsmøte til Norsvin Rogaland
- Bjørn Ståle Bekkeheien møtte på Norsvin Rogaland sin region- samling i Sirdal.
- Magnar Fjeldheim møtte på Norsvin sitt årsmøte på Hamar
- Sommerfesten på Erga var ein suksess, ca. 150 stk. var innom. Stor takk til Wence og Tor Olav.
- FG Rogaland hadde stand i lag med Forum Ku på Agrovisjon 11. - 13. oktober. Me er nøgde med at me deltok og det var godt besøk på standen vår.
- I lag med Norsvin Rogaland arrangerte FG Rogaland tur til Gris i 13 på Hamar. Heile styret og 25 til deltok.
- Erik Jensen har i år vore på to rådgivingsrundar. Dei som har ønska kontakt, har gjort det direkte. Me vil anbefala å bruka Erik til minst ein runde kvart år. Alle grishus treng "nye auger" for å justera kursen, og Erik har lang og brei erfaring med veiledning på gris. Han har mange faste kunder både i Norge og Danmark. Erik har eit stort engasjement for gris og held eit høgt fagleg nivå. Han er anbefalt av norske slakterikonsulentar.
- Dette året hoppa me over det tradisjonelle julabordet og arrangerte "Miniseminar" i staden. Utstein Kloster Hotell var vert for dette, og besto prøven med glans. Ein fin plass og med grei beliggenhet med tanke på heile fylket. 54 stk. deltok med overnatting, 70 stk. var samla til fagleg påfyll fredag, og 60 på lordag. Fredag kveld var det festmiddag med svin på menyen. Mange gode tilbakemeldinger, me bør gjenta dette. Me takkar våre føredragshaldarar og sponsorar for deira bidrag til å gjera dette til ein suksess. Desse sponsa: Nortura, Reime Agri, Primagruppen, Landkreditt, Fatland AS, FKRA, Fiskå Mølle og Gjensidige.
- Forum Gris fôr.
Også i år har fôr og fôr kvalitet vore sentralt i arbeidet vårt. Me la bort forslaget om å lansera eit "lågdonfôr" fordi det vart for dyrt og fordi det kom i ein periode med stort don-innhald i råvarene. Møllene ville ikkje

garantera så låg grense, 350, som me ønska. I staden lanserte me i mai FG spesial som er eit prisgunstig alternativ. Det har vore stor interesse for dette, og i siste halvår hadde FG spesial og det "gamle" FG purkefôr omlag like stort salg hos FKRA, mens FG spesial overtok mest heile salget av FG-fôr til purker hos Fiskå Mølle. Imidlertid ser me ein reduksjon i salget av FG spesial mot slutten av 2013 og viara inn i 2014. Styret er på hogget og vurderer situasjonen fortløpande. Kanskje er det dei låste matrisene som me har på dei andre FG fôrslaga som er det me bør satse på dersom me skal fortsetja å tilby eige fôr? Kva vil medlemene ha, og kva vert kjøpt, er alltid det me styrer etter. Det er ikkje salg av FG smågrisfôr, så derfor er det i praksis ute. FG slaktegrisfôr har også lite salg. Det treng ikkje svekka økonomien i FG dersom me vel å avvikla FG-fôr-salg. Me kan få til ei auka økonomisk støtte frå begge møllene som tilsvarer provisjonen me har hatt på fôr. Medlemene må avgjera dette.

- Me har i 2013 teke 70 fôrprøver. Det var store problem med don hos FKRA i starten av året, dette resulterte i stor pågang for prøver frå enkeltprodusenter. Totalt er der stadig for mange feil og avvik på innhald i forhold til grenseverdier. FKRA hadde 15 prøvar med for høge donverdier, Fiskå hadde 2, alle i dei 5 første månadane. Begge møllene hadde 7 feil på avvik, det er 20% av prøvane, noko som faktisk er klar betring frå tidlegare år.
- Takk til Freddie Helgesen som stiller kontoret til vår disposisjon når vi har styremøter.

En stor takk til sponsorane våre Fatland, Fiskå Mølle, FKRA, Nortura og Prima for støtte som gjer det muleg for oss å driva med god økonomi.



Felleskjøpet Rogaland Agder



Oversikt salg FG før

	2009	2010	2011	2012	2013
Purkefør	5644	4025	4333	4300	3329
FG spesial					1816
Slaktegris	138	749	621	355	319
Smågris		55	176	0	0
FKRA	5782	4829	5130	4655	5464

Purkefør	4567	5327	4909	3527	1713
Fg spesial					2450
Slaktegris	195	1955	852	610	323
Smågris		0	0	15	0
Fiskå	4762	7282	5761	4152	4486
Tot	10544	12111	10891	8807	9950

Innstilling fra valgkomité for 2014

Valgnemnda består av:

- Tor Olav Erga går ut
- Bernt Ove Byberg
- Asle Jacobsen

- Formann Bjørn Ståle Bekkeheien 1 år på valg
- Styremedlem Magnar Fjellheim gjenvalg
- Styremedlem Tron Kristian Reve ny
- Styremedlem Tormod Ropeid ny
- 1. vara Inger Lise Varhaug ny
- 2. vara Johannes Soppeland ny
- Revisor: Magnar Møller gjenvalg
- Valgnemnd: Ove Ånestad ny

Valgkomitèen foreslår ingen endring av takster for godtgjersle for 2014, som har vore:

Leder: Kr. 10.000

Møtegodtgjersle Kr. 1.500 for dagmøter over 4 timer og for kveldsmøte.

Kr. 750 for dagmøter under 4 timer

Kilometer godtgjersle etter statens reguativ.